



FORSKRIFT OM PERMISJON

For elever ved grunnskulen i Sykkylven kommune



Vedtatt av Levekårsutvalet 28.05.2024

Innhald

Innleiing.....	3
§ 1 Heimel.....	3
§ 2 Føremål	3
§ 3 Verkeområde.....	3
§ 4 Søknad og vedtak om permisjon	3
§ 4.1 Saksbehandling	3
§ 4.2 Lengda på permisjonen	4
§ 4.3 Periodar det ikkje vert innvilga permisjon for.....	4
§ 4.4. Ferie eller andre reiser i den tida skulen er i gang	5
§ 4.5 Permisjon ved alvorleg sjukdom/død.....	5
§ 5 Rett til permisjon ved religiøse heilag dagar	6
§ 6 Føresette sitt ansvar når eleven har fått permisjon	6
§7 Ugyldig fråvær	6
§ 8 Delt foreldreansvar	6
§ 9 Føring av fråvær på vitnemålet	7
§ 10 Informasjon til foreldre om reglane for permisjon	7
Iverksetjing.....	7

Innleiing

Barn og unge har rett og plikt til grunnskuleopplæring. Etter søknad frå foreldre/føresette kan eleven få permisjon frå opplæringa. I ny opplæringslov som trer i kraft 01.08.2024 vert det stilt krav om at kommunen **skal** ha ei lokal forskrift om permisjon frå grunnskulen. Forskrifta kan til dømes bestemme kor lange permisjonar som kan innvilgast, kor mange permisjonar eleven kan få, kva slags føremål det kan innvilgast permisjonar for og korleis søknadar skal behandlast.

Forskrifta skal kunngjerast i Norsk Lovtidend.

§ 1 Heimel

Permisjon frå grunnskuleopplæringa er regulert i ny opplæringslov § 2-2, fjerde og femte ledd. Her står følgjande:

«Kommunen kan gi ein elev permisjon frå skulen dersom eleven får ei opplæring som samla sett er forsvarleg. Kommunen gir forskrift om permisjon frå skulen.»

«Ein elev som høyrer til eit anna trussamfunn enn Den norske kyrkja har rett til permisjon frå skulen dei dagane trussamfunnet har helgedag, dersom foreldra sørgjer for den opplæringa som må til for at eleven skal kunne følgje med i opplæringa etter fråværet.»

§ 2 Føremål

Føremålet med den lokale forskrifta om permisjon er å sikre lik praksis for alle dei kommunale skulane. Forskrifta skal også sikre at praktiseringa av permisjonsreglementet vert meir føreseieleg for elevar og føresette.

§ 3 Verkeområde

Den lokale forskrifta om permisjon frå opplæringa omfattar alle elevar i dei kommunale grunnskulane i Sykkylven. Forskrifta er ikkje knytt til helserelatert fråvær.

§ 4 Søknad og vedtak om permisjon

§ 4.1 Saksbehandling

Mynde til å gi permisjon er delegert til den enkelte skule. Søknad om permisjon skal sendast inn via appen Min Skole under fanen «Meld fråvær» (fråværskode «permisjon»).

Kontaktlærer kan fatte vedtak om permisjon for inntil 3 dagar. For søknadar om permisjon som gjeld meir enn 3 skuledagar er det rektor som fattar vedtak. Rektor skal alltid behandle søknadar der det vert gitt avslag. Søknadsskjemaet skal normalt fyllast ut og sendast inn seinast fire veker før eleven sin aktuelle permisjon startar.

Vedtaket om permisjon skal baserast på ei individuell vurdering av kor vidt permisjonen er forsvarleg eller ikkje. Omsynet til eleven si opplæring og fråværet si betydning for den enkelte elev, skal ligge til grunn i vurderinga. Skulen må vurdere kva som er det beste for eleven, med grunnlag i fagleg-pedagogisk kunnskap og erfaring. I forsvarlegvurderinga kan det vere relevant å leggje vekt på om foreldre/føresette vil sørge for at eleven får den opplæringa som må til for å kunne følgje med i undervisninga på skulen etter permisjonen. Dette er ei skjønsmessig vurdering som rektor må foreta.

Kravet om at kvar enkelt permisjon skal vere forsvarleg, vil setje ei grense for kor mange og kor lange permisjonar kvar enkelt elev kan få. Viktige moment som skal takast med i vurderinga av om det er forsvarleg å innvilge permisjon er:

- Skulen sitt undervisningsopplegg i permisjonstida
- Om eleven si læring kan bli ivareteken i samband med permisjonen
- Eleven sin permisjonshistorikk

Vedtaket om permisjon er eit enkeltvedtak etter forvaltningslova. Vedtaket skal difor innehalde ei grunngjeving for vedtaket og informasjon om klagerett og klagefrist. Statsforvaltaren i Møre og Romsdal er klageinstans for vedtak etter opplæringslova. Grunnskuleopplæring er pliktig og eleven har ikkje **rett på** permisjon. Det er den som behandlar søknaden som bestemmer om det er forsvarleg for eleven å være borte, ut frå opplæringa som eleven totalt sett får.

Under føresetnad av at desse kriteria er innfridde kan skulen til dømes innvilge permisjon for:

- Deltaking i Ungdomsrådet eller liknande
- Utøving av sentrale verv i politiske eller landsdekkjande organisasjonar/politisk arbeid på nasjonalt eller internasjonalt nivå
- Deltaking i sportsleg eller kulturell konkurranse/stemne på nasjonalt eller internasjonalt nivå (ikkje treningssamlingar o.l.)

§ 4.2 Lengda på permisjonen

Hovudregelen er at det ikkje blir gitt permisjon for lenger enn 2 samanhengande veker, og dette berre dersom eleven får ei opplæring som samla sett er forsvarleg. I grunnskulen i Sykkylven skal det normalt ikkje bli innvilga permisjon for meir enn 10 skuledagar per skuleår.

§ 4.3 Periodar det ikkje vert innvilga permisjon for

Det skal til vanleg ikkje innvilgast permisjon i periodar med:

- Statlege kartleggingsprøver
- Nasjonale prøver

- Eksamenar og tentamenar, skriftleg og munnleg, inkludert førebuingstid
- Heildagsprøver på ungdomstrinnet
- Leirskule

Siste halvår på 10. årstrinn er viktig når det gjeld eleven si sluttvurdering (standpunktkarakter og eksamenskarakter). Dette medfører at skulen skal vere ekstra restriktiv med å innvilge permisjon over fleire dagar i denne terminen.

§ 4.4. Ferie eller andre reiser i den tida skulen er i gang

Det skal normalt ikkje bli gitt fri frå skulen for elevar som skal følgje foreldre/føresette på ferie eller andre reiser. Følgjande unntak kan likevel gjerast under føresetnad om at det vert lagt fram skriftleg dokumentasjon og at det vert vurdert som forsvarleg:

- Elevar med heimland utanfor Noreg. Dersom reisa ikkje kan leggst til skulen sin sommarferie, kan eleven få fri til å besøke heimlandet sitt.
- Tilhøve rundt føresette si helse. Elevar kan få fri for å følgje foreldra på reise når dei av helsemessige årsaker må ha opphald utanfor heimen/i andre land, og når det ikkje er mogleg å plassere eleven heime eller hos andre. Skriftleg dokumentasjon frå lege er nødvendig.
- Tilhøve knytt til føresette sine arbeidsforhold. Døme:
 - Elevar av foreldre/føresette som på grunn av yrket oppheld seg lange periodar borte frå heimen, kan få fri dersom der ikkje er andre moglegheiter for felles ferie
 - Elevar kan få fri for å følgje foreldre/føresette på ferie når desse er pålagt å ta ferie utanom skuleferiane.
 - Foreldre/føresette som i yrkesmessig samanheng føretekk reiser, kan få innvilga permisjon for ein elev når det ikkje er mogleg å få andre til å ta seg av barnet.
- Andre årsaker: Elevar kan få permisjon når foreldre/føresette må gjennomføre reiser av andre årsaker som vert skriftleg dokumentert, og skulen vurderer det slik at det vil skape ein heilt uholdbar situasjon dersom eleven vert sett igjen heime

§ 4.5 Permisjon ved alvorleg sjukdom/død

Det kan innvilgast permisjon til familiesamankomstar av særleg sorgprega karakter, for eksempel ved dødsfall eller gravferd. Det same gjeld når foreldre/føresette med alvorleg sjukdom/skade må opphalde seg på institusjon eller er på rehabilitering. Permisjon etter denne bestemminga kan også verte gitt i periodar nemnde under § 4.2.

§ 5 Rett til permisjon ved religiøse heilagdagar

Elevane har rett til permisjon på alle heilagdagane innanfor det trussamfunnet dei tilhøyrer. Det er ikkje eit krav at eleven er **medlem** av eit anna trussamfunn. Det er nok at det ligg føre ei viss tilknytning, til dømes at eleven ønskjer å feire heilagdagen saman med nær familie som er medlem av dette trussamfunnet. Føresetnaden er at vilkåret om nødvendig opplæring i permisjonstida er oppfylt.

Denne retten gjeld ikkje feiring av nasjonale høgtidsdagar og liknande. Fri i samband med slike dagar skal vurderast etter hovudregelen for permisjon.

§ 6 Føresette sitt ansvar når eleven har fått permisjon

Det er ein føresetnad at fritaket / permisjonen ikkje fører til meirarbeid for læraren / skulen, og føresette / elev er sjølv ansvarleg for at eleven er fagleg a jour etter fråværet.

Reint unntaksvis kan det skje at ein elev må ha fri / permisjon frå skulen ut over dei rettane som opplæringslova / kommunal forskrift opnar for. I slike tilfelle blir foreldra ansvarleg for heimeundervisning for barnet sitt. Innhaldet og opplegget for denne undervisninga skal bli godkjent av skulen på førehand.

§7 Ugyldig fråvær

Dersom eleven er borte frå opplæringa i lenger tid enn det er innvilga permisjon for, eller blir borte utan innvilga permisjon, vert dette rekna som ugyldig fråvær. Ved ugyldig fråvær kan foreldre/føresette risikere straff i form av bøter, dersom fråværet kjem av at det er handla forsettleg eller aktlaust (jf. opplæringslova § 2-7). For ungdomsskuleelevar kan ugyldig/udokumentert fråvær føre til nedsett orden- og åtferdskarakter. Dersom skulen i slike tilfelle ikkje veit kvar eleven oppheld seg, skal den følgje prosedyren i Udir sin rettleiar «[Barn som ikke møter på skolen](#)».

§ 8 Delt foreldreansvar

Også den av foreldra som har foreldreansvar, men som eleven ikkje bur fast hos, har rett på medbestemming når det gjeld barn si utdanning (jf. barnelova § 30). Begge partar må såleis vere innforstått med søknadar om permisjon.

§ 9 Føring av frávær på vitnemålet

Hovudregelen er at alt frávær frå og med 8. trinn skal førast på vitnemålet. Under føresetnad av at fráværet er dokumentert, kan elev/føresette krevje at årsaka til fráværet blir ført som vedlegg på vitnemålet. Elev/føresette kan i tillegg krevje at frávær på til saman 10 dagar per år ikkje skal førast på vitnemålet (jf. forskrift til opplæringslova § 3-41). Dette gjeld dokumentert frávær som skuldast:

- Helsegrunnar frå og med fjerde dag
- Kronisk sjukdom eller funksjonshemming frå første dag
- Innvilga permisjon frå første dag

Med dokumentert frávær meinast i denne samanheng at eleven har fått innvilga permisjon, eller dokumenterer fráværet med legeerklæring.

§ 10 Informasjon til foreldre om reglane for permisjon

Skulane skal informere foreldre/føresette om gjeldande permisjonsreglar ved oppstart av kvart skuleår. Det skal informerast om at Sykkylven kommune ser det som viktig at elevane deltek i heile opplæringsløpet og at talet på permisjonar frå den pliktige opplæringa skal reduserast til eit minimum. Skulane må også presisere at permisjonssøknadane må sendast inn i god tid på førehand (normalt fire veker før permisjonen).

I tillegg skal lokal forskrift om permisjon skal vere tilgjengeleg på kommunen si heimeside.

Iverksetjing

Reglane om permisjon vert definert som ei lokal forskrift i tråd med forvaltningslova kapittel VII og skal kunngjerast i Norsk Lovtidend.

Forskrifta trer i kraft 01.08.2024.

(§ 4.1, først og andre ledd, vart korrigert administrativt 20.09.2024)